



Statens vegvesen

Bømlo kommune
Kommunehuset
5430 BREMNES

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Mats Korneliussen / 99341206

Vår referanse:
16/126750-9


Dykkar referanse:

Vår dato:
26.01.2018

Fv.19 – Høyringsbrev – omklassifisering – Rolvsnesvegen – Bømlo kommune

Statens vegvesen ønskjer å rydde opp i vegstatus for ytste del av fv.19 – Rolvsnesvegen etter snusløyfa.

Fv.19 – Rolvsnesvegen er tilkomst til Rolvsnes, den nordlegaste bygda på austsida av Bømlo. Bussen har snusløyfe og endestasjon her. Etter snusløyfa ligg det ein fylkesvegarm på 38 meter. Vegen er tilkomst til bustadområder, naust og kai, og fungerer som ein intern veg. Fylkesvegarmen ligg på Bømlo kommune sin eigedom. Eigarskapet til Hordaland fylkeskommune går til og med snusløyfa. Eigedomsgrensa er ein naturleg avgrensing av fylkesvegen.



Figur 1: Fv.19 hp 3 km 6,856 – m 6,894

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Framlegg til vedtak:

Statens vegvesen vil med bakgrunn i ovannemnde tilrå at:

Fv.19 hp 3 km 6,856 – 6,894 lengde 38 meter vert omklassifisert til kommunal veg.

Ved omklassifisering av veg gjeld NA-rundskriv 97/13, det vil seie at vedtaket om omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg trår i kraft når vegen er oppgradert til gitt standard. Sjå vedlagt oppsummering frå synfaring 19.09.2017 over kva punkt som skal utbetrast.

NA-rundskriv 97/13 gjeld ikkje ved nedlegging av offentleg veg. Vedtaket om nedlegging av offentleg veg og utlegging til privat veg vil difor vere gjeldande frå vedtaksdato.

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved omklassifisering og nedlegging av offentleg veg følgjer av veglova §7:

§ 7. Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg. Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtaket etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningslinjer gitt av departementet.

Alternative løysingar for nedlagt offentleg veg følgjer av veglova §8:

§ 8. Blir offentlig veg nedlagt, kan vedkommande styremakt gjere vedtak om at veggrunnen heilt ut eller delvis skal nyttast til anna offentlig vegføremål eller til føremon for ferdsla eller dei vegfarande. Som føremon for ferdsla eller dei vegfarande vert òg rekna at bruer, murar, vegstykke eller andre delar av vegen etter vegstyremakta sitt skjønn er verneverdig slik at den bør haldast ved like for komande slekter.

Nedlagd offentlig veg som ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, kan vedkommande styremakt legge ut til bruk som privat veg etter denne lova.

Blir offentlig veg nedlagt, og veggrunnen ikkje blir nytta til anna føremål etter første ledd, og vegen heller ikkje blir utlagt til privat veg, har eigar av eigedom som støyter til vegen rett til å krevje veggrunnen lagt til eigedomen sin mot vederlag etter skjønn, eller dersom ny veg skal byggast over eigedomen hans, mot frådrag etter skjønn i vederlaget for eigedomssinngrep til slik veg. Støyter fleire eigedomar til vegen, skal moglig tvist om fordelinga avgjerast ved skjønn.

Før vi sender framlegg til omklassifisering av offentleg veg til godkjenning i Hordaland fylkeskommune, ber vi om uttale frå dykk.

Høringsfrist

Frist for å kome med tilbakemelding er sett til: **torsdag 1. mars.**

Plan- og forvaltningsseksjonen Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø

Seksjonssjef

Mats Korneliussen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg

Fv.19 – Rolvsnesvegen

Synfaringa blei gjennomført 19.09.2017 og omfatta strekninga frå kryss med kommunal veg (FV 19 hp 3 km 6,894) til snuplass (FV 19 hp 3 km 6,856), totalt 38 meter. Synfaringa vart gjennomført til fots. Vurderingane er gjort ut frå NA-rundskriv 97/13 «*Retningslinjer for tekniske krav til veg som omklassifiseres – ikraftttredelse av vegloven § 7*». (skråstilt tekst i grått under er sitat frå NA-rundskrivet)

Følgjande deltok på synfaringa; Frå Bømlo kommune: Toralv Meling (Teknisk avdeling), Vardan Vardanyan (Teknisk drift, deltok på fv. 14), Reidar Meling (Teknisk drift). Frå Statens vegvesen: John Ellefsen, Vidar Tveiterås, Åge Fanebust, Bernt Herland (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland), Anne Marta Espelund (Plan- og forvaltningsseksjon Bergen)

Tunneler

- Skadde plate- og betonghvelv og portaler skal være utbedret.
- Løst fjell i tak og vegger skal være sikret.
- Elektriske installasjoner skal virke.
- Lamper skal skiftes ut dersom lysstyrken er under 70 % av nyverdi.
- Tunnelen skal være rengjort.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Drenering



- Grøfter skal være rensket dersom 1 /3 av opprinnelig dybde er oppslammet.
- Stikkrenner skal renskes dersom oppslamming overstiger 1/3 av høyden i renna
- Kummer skal være tømt dersom oppslamming har nådd 10 cm fra avløp, det skal være fritt avløp inn/ut
- Defekte stikkrenner, rør og kummer utbedres

Funn/vurdering:

Generelt:

- Alle stikkrenner skal sjekkast og eventuelt renskast
- Grøfterensk langs heile strekninga




I tillegg vart følgjande punkt påpeika spesielt under synfaringa:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
1	3	6,857– 6,887	Vatn renn ikkje vekk frå vegbana	Etablere smal grøft, 30 meter	
3	3	6,858– 6,883	Vatn renn ikkje vekk frå vegbana	Ny grøft, 25 meter	

Vegdekker

- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å få spor dypere enn 25 mm i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å ha jevnhet dårligere enn 6 mm/m i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Sprekker som er bredere enn 10 mm skal forsegles.
- Krakelerte partier skal vurderes særskilt og utbedres.
- Grusveger skal opp gruses ved behov.
- Vegskuldre skal være oppfylt i plan med vegbanen.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
2	3	6,882	Dårleg asfaltdekke	Ny asfalt rundt kum, 4 m ²	
4	3	6,856- 6,876	Dårleg asfalt	Ny asfalt, 1,5 m x 20 m ≈ 30 m ²	
5	3	6,856	Dårleg asfalt	Ny asfalt, 10 m ²	

Murer

– Skader som reduserer murens funksjon skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Støyskjermer

- Vertikale skjevheter over 1 :25 og horisontale skjevheter over 1 :40 skal være utbedret.
- Løse bord/mangler skal utbedres.
- Dersom skjermen trenger overflatebehandling skal dette gjøres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Fjellskjæringer

– Synlige løse blokker og steiner skal fjernes eller boltes i samråd med geologisk ekspertise.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Grøntarealer og skråninger (innenfor vegens eiendomsgrenser)

- Erosjonsskader og andre skader skal utbedres.
- Gress og kratt skal være lavere enn 50 cm i siktsoner.
- Kratt skal ikke være høyere enn 75 cm i etablerte soner for vilttrekk.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Kantstein

– Minimumshøyden skal være minst 5 cm.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Rekkverk

- Brukne stolper skal skiftes.
- Utbøyning eller setninger større enn 20 cm fra opprinnelig horisontallinje skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Gjerder, inkl. viltgjerder og trafikkgjerder

– Synlige skjevheter og skader skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Belysningsanlegg

– Lamper skiftes dersom lysstyrken er mindre enn 75 % av nyverdi.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga/Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Oppmerking

- Vegene skal være oppmerket slik at mindre enn 20 meter av langsgående linjer er slitt bort.
- Minst 50 % av annen oppmerking skal synes.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Kantstolper

- Brukne stolper skal erstattes, skjevheter rettes opp.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Skilt


- Skal minst være synlig på 100 meters avstand i soner med fart større enn 60 km/t.
- Skal minst være synlig på 50 meters avstand i soner med fart mindre/lik 60 km/t.
- Synlige skjevheter utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.


Bruer og kaier

- For bruer og kaier må det utføres inspeksjoner dersom dette ikke er gjort de siste 5 år. Utbedringer foretas i henhold til de skader som oppdages ved inspeksjonen.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.



Synfaring i samband med omklassifisering
FV 19 hp 3 km 6,856 - 6,894 - Rolvsnes - Børto kommune
Registrerte punkt på synfaring 19.09.2017
Målestokk 1:500
Statens vegvesen



Syntaring i samband med omklassifisering
FV 19 hp 3 km 6,856 - 6,894 - Rølvnes - Bernlo kommune
Registrerte punkt på syntaring 19.09.2017
Målestokk 1:500
Statens vegvesen

Plan- og forvaltningsseksjonen Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Mats Korneliussen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.